

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol  
**Sendt:** 21. mars 2018 11:09  
**Til:** Tone Margrethe Bærland Furustøl  
**Emne:** Fløsvika forhåndskonferanse  
**Vedlegg:** p10045 Fløsvika\_RegPlan\_Plantegning\_A1\_1\_1000\_20.12.13.pdf; p10045 Fløsvika\_RegPlan\_Plantegning\_A1\_08.04.13.pdf; p10045 Fløstavika\_Lindås\_RegPlan 07.10.11.pdf; ID20100900\_Fløsvika\_RegPlan\_Plankart\_1\_02.05.14.pdf

Hei,

Har sett litt på dei punkta som var usikre i møtet.

1. I høve overtaking så ser eg at eg har fått melding 16.01.2013 om at det var nye forslagsstillarar i prosjektet, Walde AS og Storneset. Her skifta prosjektet namn til Fløsvika Utvikling meiner eg. Vidare så gjekk jo Walde konkurs og det er her Romarheim då har kjøpt opp Fløsvika Utvikling. Eg meiner at dette er ei nokolunde riktig framstilling.
2. Eg har funne fram til utkast til planmateriale som me har fått inn på ulike tidspunkt. Alt dette er undervegsmateriale, men plankartet datert 02.05.2014 er den versjonen som til slutt vart levert inn. Det plankarta viser er at det har vore ei utvikling av det aktuelle området, frå einebustad, via konsentrert bustad, til at det til slutt vart satt av til leikeområde. Det at området til slutt vart satt av til leik har nok å gjere med at prosjektet utvikla seg til å verte meir omfattande med konsentrert utbygging, slik at behovet for leikeareal vart større. Dei avsette leikeareala var nok i utgangspunktet for små også. Men dette er jo ei planfagleg vurdering som vert teke undervegs. Det kan i alle høve sjå ut som at intensjonen i det første planframlegget i 2011 var å regulere til einebustader på den aktuelle eigedomen, men så har dette endra seg etter kvart.

Håper dette var oppklarande!

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

